

## Uskedalen nådde ikkje opp med sine plassar for Dagsturhytta.

14.10.2020



Slik kan Dagsturhytta koma til å sjå ut.

**Meir enn 20 alternative lokalitetar for plassering av Dagsturhytta er vurderte av ei administrativ gruppe i kommunen. Sju av plassane ligg i Uskedalen. Ingen nådde opp i kampen om ei dertil eigna plassering. Mange av dei som sende framlegg til lokalitet, tenkte at det skulle vera eit lågterselttilbod med val av ein plass for alle i gåavstand utan for mykje bruk av bil. Ei plassering ved Nautavatnet krev bilbruk og parkeringsareale.**

Aktuelle plasseringar i Uskedalen var: Såto, Eikedalen, Kalkstasjonen på Haugland/Døsland, Klepp på Hauglandsfjellet, Låganos, Leiteshaugane og Kjeldhaug. Plassane vart truleg vurderte, men nådde ikkje opp.

Kostnaden med dagsturhytta er rekna til 1,25 millionar kr. Kostnaden for Kvinnherad kommune er sett til kr. 100.000,-. Prosjektet starta i Sogn og Fjordane og målet er ei slik hytte i kvar kommune.

Uskedalen.no registrerer at plasseringa ved Nautavatnet har skapt blest og at det er usemje i friluftslivet om plasseringa.

Tekst/nett: Kristian Bringedal  
Foto: Prosjektskisse